

Referat

Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, campus Førde

Deltakarar: Fagseksjonsleiar Anny Aasprang, fagleg representant Inger Oline Bruland, fagleg representant Aud Berit Fossøy, fagleg representant Terese Bjordal, studentrepresentant Øystein Brekke Skjelvan, studentrepresentant Thomas Storehaug Øren, studentrepresentant Fredrik Birkeland Log, eksternt medlem Berit Ullebust, eksternt medlem Hilde Loe Reed, studierettleiar Siri Munch Wahl (referent)

Fråfall: studentrepresentantar Fredrik Birkeland Log og Øystein Brekke Skjelvan

Møtedato: 17.11.20

kl. 10.00 – 11:30

Møterom: Zoom-møte

Sak	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste	Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Fagseksjonsleiar	5 min
Referat: Ingen kommentarar til innkallinga. Fagseksjonsleiar orienterar om at det vert lagt til ei sak om status knytt til innføring av ny desentralisert/samlingsbasert sjukepleie på deltid i Førde, sak 5/20. Sakslista vart godkjent.			

2/20 Status og endringar ved bachelorutdanninga i sjukepleie campus Førde knytt til COVID-19 situasjonen.		Fagseksjonsleiar orienterer om status og endringar	45 min
<p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar innleiar saka med ei oppsummering av endringane som vert gjort knytt til COVID-19 situasjonen. I vår vart fleire av kulla delt i klasser med tilpassa utdanningsløp for å sikre studiepoengproduksjonen. Ingen studentar vart stoppa grunna endringane som var gjennomført.</p> <p><u>Praksis:</u></p> <p>Denne hausten har campus Førde hatt nokon utfordringar knytt til praksissituasjonen. Alle praksisperiodar har vore/er dette semesteret på sju veker. Det har i tillegg vore tilrettelagt med ein friperiode etter praksisemna slik at studentar har hatt moglegheit til å jobbe inn eventuell sjukefråvær. Denne løysinga har ført til at studentane heller ikkje denne hausten vart stoppa eller forsinka i studieløpet sitt. Campus har i tillegg vore ope og slik at ferdigheitstrening og øvingar har gått som planlagt.</p> <p><u>Eksamen:</u></p> <p>Det har ikkje vore skuleeksamen på campus denne hausten. Endringane på vurderingsformane som vart innført i vår, vart også vidareført i haust. <i>SK155 Etik, jus og psykologi</i> og <i>SK165 Kommunehelseteneste og psykisk helsearbeid/helsevern</i> vart gjennomført som heimeeksamen. <i>SK169 Grunnleggande sjukepleie og sjukepleie til eldre</i> og <i>SK162 Sjukepleie ved somatisk sjukdom og skade</i> vart gjennomført som munnleg eksamen. Munnleg eksamen som vurderingsform i desse faga har gitt gode resultantar for studentane, og evaluerast som ein positiv erfaring frå både fag og studentar. Nasjonal eksamen i <i>SYKF130/SK160 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi</i>, som skal gå i desember, er endra til skriftleg heimeeksamen.</p> <p><u>Karantenerreglar:</u></p> <p>Fagseksjonsleiar påpeker at vi ynskjer å ivareta studentane og legger vekt på det er tilrettelagt at studentane kan reise heim på juleferie. Studentane har fått informasjon via Canvas om at dei oppmodast til å ta flest mogleg vakter i forkant av juleferien. Studentane vil da ha anledning til å jobbe inn eventuell karantenetid grunna reise, og. evt. sjukdom. Det er ikkje planlagt friperiodar etter praksisane til våren, slik det er vesentleg at studentane fullfører praksisane på normert tid med tilstrekkeleg tal praksistimar.</p> <p>Kommentar frå studieprogramrådet: det er positivt at skulen har fokus på å ivareta studentanes psykiske helse. Fagseksjonsleiar legger til at studentane har denne hausten hatt ein ekstra samtale med sin faglege kontakt. Denne samtalen, som har kome utanom forventingssamtale, midtvegs og sluttevaluering, har hatt fokus på korleis studenten har det og føler seg.</p>			

Avslutningsseremonien 4. desember:

Fagseksjonsleiar orienterer om at den fysiske avslutningsseremonien til kull 72 dessverre vart avlyst. HVL har eit ansvar i den nasjonale dugnaden for å forebygge smitte, og skal til ein kvar tid tilrettelegging slik at studentar og tilsette skal følge retningslinjene for smittevern. Avslutningsseremonien vert heller gjennomført digitalt.

3/20 Plan for våren 2021 knytt til COVID-19 situasjonen.

Fagseksjonsleiar orienterar

30 min

Referat:

Grunna COVID-19 vil skriftlege skuleeksamenar som hovudregel ikkje bli arrangert fysisk på campus våren 2021.

Vurderingsform:

Så fremst campus ikkje verte stengde, vil kull 77 delast i mindre grupper for å gjennomføre medikamentrekning fysisk på skulen. Fagseksjonsleiar presiserer at ein ynskjer å leggje til rette for at medikamenttesten kan gå som normal slik at studentane kan vise utrekninga. Dersom ein slik løysing ikkje kan gjennomførast, vil medikamenttesten gjennomførast som digital fleirvalstest.

Emnar som får endra vurderingsform til heimeeksamen:

- SYKF130/SK160 Anatomi, fysiologi, biokjemi
- Mikrobiologi
- SYK140 Sjukdomslære og farmakologi
- SK165 Kommunehelseteneste og psykisk helsearbeid/helsevern

Emnar som får endra vurderingsform til munnleg eksamen:

- SYKF100 Grunnleggande sjukepleie

Undervisning:

Mykje av undervisninga vil også til våren gå digitalt. Fagseksjonsleiar leggjar til at ein vil ha større fokus på korleis løyse den digitale studiekvardanen på ein betre pedagogisk måte, både for studentane og dei faglege. Dei faglege vert utfordra til å utvikle og tenke nytt om sine lærings- og undervisningsmetodar. Fagseksjonsleiar framheva blant anna veksling mellom førehandsinnspilte videosnuttar, «break-out rooms» i zoom, samt

mindre sekvensar med digital undervising m.m. Det er viktig å engasjere studentane og sette tydelege forventingar til dei, sølv om dei sitt heime. Fagseksjonsleiar legg til at det spesielt forventast at studentane nyttar webkamera for å skape interaktiv samspel og deltaking.

Praksis:

Praksisperiodane er planlagt utan store endringar, og det vert ikkje lagt til rette for friperiodar etter praksisemna. Studentane vil bli oppfordra til å setje opp fleire vakter i starten av si praksis, slik at potensiell fråvær kan jobbast inn innafor ordinær praksistid. Sakar verte handsama individuelt der studentane ikkje har høve til å jobbe inn fråværet.

4/20 Utfordringar knytt til innføring av ny studieplan og utfasing av gamal studieplan studieår 2021/2022.

Fagseksjonsleiar orienterar

30 min

Referat:

Hausten 2020 begynte det fyste kullet på ny studieplan for sjukepleieutdanninga. Fagseksjonsleiar presiserer at den nye studieplanen har ein annleis rekkefølge på emna enn den gamle/utgåande studieplan. Dei neste åra vert det praktisert eit parallell-løp der ein utfasar gamal studieplan og innfører ny. Dette kan skape ei midlertidig utfordring knytt til praksisfordelinga og studenttrykket ute i praksis. På den nye studieplanen i sitt tredje semester, er det skissert eit utdanningsløp der kullet (kull 77 som starta i haust) delast inn i tre grupper. Gruppene ruller på å ha praksis i *SYKF220P Medisinsk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom*, *SYKF230P Kirurgisk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom* og *SYKF330P Sjukepleie ved psykisk sjukdom/liding*. Frå og med veke 48, hausten 2021, vil ei gruppe (1/3 av studentane) frå kull 77 ha praksis i *SYKF330P Sjukepleie ved psykisk sjukdom/liding* samstundes med ei gruppe i kull 75 i *SK166 Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/helsevern*. For å løyse ei pressa situasjon for praksisfeltet i psykiatri, vil fagseksjonsleiar at flest mogleg av studentane i kull 75 gjennomfører psykiatripraksisen (SK166) som si fyste praksis i femte semester (frå veke 38-44). Studenttrykket i psykiatripraksisane vil etter ei slik ordning fordelast ut over semesteret. Fagseksjonsleiar legg til at det vert planlagt dialog med praksisfeltet i psykiatrien for å førebu utfasingsprosessen. Vi møter same utfordring for kull 76 og 78 våren 2022. Det er planlagt å følge tilsvarande løysing der flest mogleg av studentane i kull 76 tek til i psykiatripraksis i SK166 frå veke 6-12. Studieprogramrådet vart orientert om at kull 76 som begynte våren 2020 vart siste gong studentar vart teken opp på utgåande studieplan.

5/20 Status knytt til innføring av ny desentralisert/samlingsbasert/deltid sjukepleie		Fagseksjonsleiar orienterar	30 min
<p>Referat:</p> <p>Det er klare føringar frå departementet at HVL også skal drifte sjukepleieutdanning på deltid. Fagseksjonsleiar orienterar om at den «typiske deltidsstudenten» ikkje er det den ein gong var, og at fråfallet frå utdanninga i dag er stort. Dette har utfordra Førde i å tenke nytt. I møte med praksisfeltet og kommunane i region gamle Sogn og Fjordane, vart det ytra eit ynskje om ein desentralisert deltid/samlingsbasert sjukepleieutdanning. Fagseksjonsleiar fortel at det hausten 2021 difor skal starte opp desentralisert deltid/samlingsbasert sjukepleieutdanning med totalt 36 plassar. Nordfjord, Sogn-regionen og ytre Sunnfjord får tildelt tolv plassar kvar. Opptaket vil vere lokalt med krav om karakter tre eller betre i norsk og matematikk. Kommunane er sjølve ansvarlege for å plukke sine egna kandidatar. Deltidsstudiet vil gå over fire år der studentane skal produsere 22,5 studiepoeng kvart semester. Teoriemner vil vere samlingsbaserte med noko fysisk samling og noko digitalt. All praksis vil gå på fulltid. Fagseksjonsleiar fortel at fyste utdanningsåret, fordelt på tre semester, allereie er klart. Opptaket på deltidsutdanninga, vil som tidlegare, vere annakvart år.</p> <p>Fagseksjonsleiar legg til at om ei slik løysing på deltidsutdanninga evaluerast positivt, kan ein på sikt, opne opp for dialog med Helse Førde om fleire studieplassar på utdanninga.</p> <p>Studieprogramrådet kommenterar at det er flott at praksisfeltet har ein slik påverkingskraft på utdanningssektoren. Det stilles likevel spørsmål om korleis opptaket verte kvalitetssikra ettersom kommunane sjølve veljar sine kvalifiserte søkjarar. Fagseksjonsleiar påpeiker at studentane vil den fyste tiden få tettare oppfølging og rettleiing i studiet. Studentane må tryggast i rolla som studentar og opparbeide seg studieteknikk for å følgje normert studieprogresjon. I tillegg er alle sjukepleiestudentar, både fulltid og deltid, uavhengig av opptak, under skikkavurdering undervegs i studiet.</p>			